



Kviteseid misjonskyrkje

MISJONSKIRKEN NORGE

Til stades:

Oddvar Hægeland (2017-2018)
Mari Songe (2017)
Sigrun Lønning Solvang (2017-2018)
Øystein Kvamme (2017)
Sigrid T. Lofstad (2017)

Kviteseid 29. november 2017

Referat frå styremøte onsdag 29. november 2017 kl. 1800

Opning ved Øystein.

Sak 23/17: Godkjenning av referat frå styremøte 5. oktober 2017

Referatet blei godkjent utan merknader.

Sak 24/17: Oppsummering og eventuelle tiltak/føringar etter menighetsmøtet 29. oktober 2017

Det møtte 15 på menighetsmøtet. Det blei ei fin samling. Innleiinga fungerte bra i forhold til å utfordre. Samtalene i grupper blei gode der alle fikk sagt noko.

Det kom signal om vi kan starte opp med smågrupper igjen. Vi tenkjer at dette er noko vi kan satse på, særleg viss vi kan lage gruppa eller gruppene så opne at folk utanfrå kan bli med.

Vedtak: Styret vil etter årsmøtet lodde interessa for dette ved å sende ut ei liste med nokre spørsmål.

Det kom også signal om at diakonalt arbeid er noko som kan utviklast. Dette er eit ressurs spørsmål, men det er nokre tankar om å starte ein strikkekafe.

Elles minner vi om dette med dei gode fortellingene som ikkje berre er knytta til lokalet. Kvardagane og det som skjer der er også viktige.

Sak 25/17: Datoar for søndagstreff til våren og drøfting av eventuelle andre møte

Datoane for søndagstreffa er sett til 14/1, 28/1 (nattverd), 4/3 (misjonsmøte og basar), 25/3 (påskefrukost kl. 10), 8/4 (nattverd), 29/4, 27/5, 10/6 (avslutning).

Sigrun prøver på nytt og få til bibeltimar med Amund Rannestad (moglege datoer er 18/3, 15/4, 22/4 og 13/5). Viss Amund svarer nei, spør vi Johan Hammerich.

Datoar for fredagsklubb: 5/1, 19/1, 2/2, 16/2?, 2/3, 16/3, 13/4, 27/4, 11/5?, 25/5

Godhetsveka: 3-9/5, 10/5 Godhetsgudsteneste

Felles familiemøte: 21/1 kl. 16 på Misjonshuset

Fellesmøter: 9-11/3

7/1: Enkelt bønemøte med litt song og andakt

Oddvar lagar møtelista og publiserer når datoane frå Amund er klare.

Sak 26/17: Status fellesmøta 2018

Det blir felles familiemøte på Misjonshuset 21/1 med barnegospel, andakt ved Møyfrid Lunde og markering av bibeldagen. Vi må skaffe ein som kan leie møtet og skaffe nokre som kan bake to skuffekaker og to til å ordne til på førehand og etterpå.

Sigrun er spurt om å leie.

Mari og Øystein baker kake.

Anders og Øystein ordnar til på førehand (møter kl. 15) og etterpå.

Fellesmøta i veke 10: Geir Johannessen har endeleg svara ja!

Sak 27/17: Årsmøte 2017

Dato 4/2. Opplegg som før med pizza og kake. Møtet blir planlagt på styremøte 24/1. Sekretæren tar kontakt med valkomiteen og kasserer på nyåret for å minne om det dei må klargjere til møtet.

Sak 28/17: Datoar for styremøte våren 2018

Forslag: 24/1, 21/3, 30/5. Treng vi fleire møte, legg vi det inn.

Sak 29/17: Eventuelt

Info ved Sigrid:

I 2018 er det GF 27-28/4 på Gardermoen.

November er teljemånad for Vekst2020. Sigrid har gjort dette.

Det har kome noko om trusopplæring frå IKO som vi gir vidare til sundagstreffkomiteen.

Joletrefest v/Sigrun:

Det har vore komitemøte nettopp. Det blir fest 27/12. Alle er med utanom

Misjonshuset. Vi treng to utanom Sigrun og Sverre for å hjelpe til med det praktiske.

Sigrun spør.

Info ved Øystein:

Brevet frå Johan Hammerich. På sundagstreffet 19/11 hadde

Hammerich ein bodskap mottatt i bøn som han hadde skrive ned. Dette blei eit veldig oppmuntrande møte med ein tankevekkande og inspirerande bodskap. Vi las brevet høgt igjen og vedtok at det skal publiserast på nettsidene. Oddvar ordnar dette.

Vi tenkjer også å lese det opp på bønemøtet 7/1.

Sak til årsmøtet: Engasjere nokon i forhold til konfirmantarbeidet 2018-2019 (fordi vi reknar med at fleire frå Betel kjem til å velje TenTro).